

Styremøte i Møre og Romsdal Sau og Geit (2013)

Dato fredag 11.01 kl 17:00-19:45 og laurdag 12.01 kl 09:30-11:45

Sted: Hopen Brygge, Smøla

Tilstede: Inger Johanne Tafjord, Solfrid Holm, Olav Sørstrand, Synnøve Kjellstad, Astrid T.Dyrkorn, Ståle Mordal (fredag), Ragnhild Tokle (fredag 17 - 18:20) og John Folde Engdal (fredag 18 – 19:45)

Forfall: Arnfinn Lien (vara Astrid), Marianne Aas Halse og Åshild Melkeraaen.

Inger Johanne ynskta velkomen, vara Astrid og Ragnhild (radiobjelle) stilte på kort varsel då Arnfinn meldte forfall. Arnfinn kontaktes på telefon i sak radiobjeller.

Sak 22. Sidan sist (sak 1 sakliste)

- Oppdateing vedr. avlyst konferansen.
- Mykje engasjement rundt saueavl, avlsmiljøet er samla om at i vårt fylke er det uaktuelt med fylkesring.
- Fylkesmanne arrangerer tur til "fellesfjøs" for sau i Gudbrandsdalen, tirsdag 15.01.13
- Uttale FKT midlar, fann mykje av vår uttale att i uttalen frå NSG – positivt, men nådde likevel ikkje fram i forskrifta.

Sak. 23. Radiobjeller (sak 3 saksliste) Arnfinn informerte over telefon.

- Fakturering av alle leigde bjeller, også påstått defekte no.
- Leigepris, same pris som for prøveåret 2011.
- Leige av radiobjelle har ein risiko for brukar, kostnadene på inaktive bjeller, eller bjeller brukt feil er såleis brukar sitt ansvar, fylkeslaget kan ikkje ta kostnaden for dette.
- Ragnhild kan via Telepor stadfesta om ei bjelle er defekt (vert då kreditert)
- Det er oppretta eigne Radiobjellelag som har gode regelverk på dette.
- Det utarbeides eit skriv som legges ved fakturaen for 2012 (Arnfinn)
- Må starte evalueringsarbeid av kontraktene for radiobjelle (fylkestyret 2013)
 - o Pris
 - o Rutiner for retur
 - o Nytt regelverk

Ragnhild reiste.

Sak. 24. Økonomien i laget (sak 2 og 7 punkt 2 saksliste)

- John orienterte om rekneskapen hittil.
- Økonomien i høve budsjett ser greit ut.
- Etter søknad frå fylkeslaget dekker Fylkesmannen nokre av kostnadane i forbindelse med avlysinga av småfekonferansen i november.
 - o Oversikt over kostnadene utarbeides
 - reiseutgifter til foredragshaldara
 - hotell
 - evt. anna

Pause 18:55-19:05

Sak. 25. Valnemd MRSO (sak 7 punkt 1 sakliste)

- Eit valnemdsmedlem går ut pga. ikkje medlem i NSG, det må difor veljast 2 nye på årsmøtet i mars.
- Leiar, nestleiar og sekretær på valg i år
- Inger Johanne og Arnfinn stiller ikkje til nyvalg.
- Ein i styret skal være geithaldar.
- Kasserer kan stille på styremøte inntil 2 ganger i året ved innkalling, går ikkje inn som styremedlem.
- Siste åra har det falle heilt ut å velje møteleiar til neste års årsmøte, dette vert no tatt tak i og valnemda kjem med forslag til møteleiar for årsmøtet i 2014.
- Møteleiar til året årsmøte tek fylkestyret hand om.

Grundig gjennomgang av konstituering til nytt styre, valnemda ved Ståle Mordal har no god oversikt over situasjonen. Utfordringa vert å finne dei rette personane fram til årsmøtet. Fylkestyret ynskjer lukke til med arbeidet.

Møtet slutt kl 19:45

Møtestart 12/1 kl 09:30

Sak. 26. Saker til Landsmøtet (sak 5 sakliste)

- Det er kome inn to saker, ei frå geitenæringa samt ei om rovvilt erstatningar.
- Leiar og sekretær ansvarlege for å utarbeide / vidaresende sakene til NSG sentralt.
- Viktig å ikkje legge vekk arbeidet med erstatning for rovviltskader, sjølv om Ola Krokann vann fram med si sak i tingretten.

Sak. 27. Gromsau og Lykleprisen kandidatar (sak 6 sakliste)

- Ingen kandidatar frå vårt fylke denne gang

Sak. 28. Årsmøte MRSO 2013 (sak 7 sakliste)

- Valnemd (sjå også sak 25.)
 - o Andre valg
 - Avlsutval Sau, leiar og medlem, forespørre om innspel frå vèrringane
 - Møteleiar årsmøte 2012 - fylkestyret
- Økonomi / kasserer (sjå sak 24.)
- Fagtema:
 - o Rovvilt (2t) – Solfrid
 - o Avl, evt. bygningar (2t) – Olav
- Årsmelding – arbeidsfordeling:
 - o Tal geitkontrollen, geiter i vekst, geitedagane, Nortura, beste bukk- Inger Johanne og Astrid
 - o Rovvilt – Solfrid
 - o Beste vèr, gjetarhundekvi. Gjetarhundlaget og radiobjelle – Arnfinn
 - o Arrangement vi har vore på – alle
 - o Organisert beitebruk – Marianne
 - o Bestilling av fat – Inger Johanne informerer John

Sak. 29.. Annet

- Utarbeide invitasjon og sakliste årsmøte – leiar / sekretær
- Rapporteringskjema tillitsvalde sendes i lag med invitasjon – sekretær
- Budsjettarbeid og arbeidsplan på neste styremøte.

Sak. 30. Organisering av saueavlen – uttale. (sak 4 sakliste)

Fylkeslaget har fått inn 10 uttaler: 5 vèrringar, 1 vèrring i lag med sauavlslaget, 1 vèrehaldslag og 3 saueavlslag. I fråvær av nestleiar, som er avlskontakt i fylkeslaget, orienterte sekretær om saken og gjennomgikk innkomne innspel.

Sekretær utarbeider uttale frå fylkeslaget utifrå innkomne innspel og oversender til NSG. Vil her takke Avlsregion Midt ved Stig Runar Størdal som har vidaresendt innspela frå ringane til fylkeslaget.

Møte slutt kl 11:45

Neste møte fredag 1. mars (kjem tilbake med tidspunkt)